

20100 3723-22
KSK/TOL
312

Lars Færevåg

5627 Jondal

01.07.13

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Protest mot utbygging av Breisete kraftverk i Jondal kommune, Hordaland.

Eg viser til søknad om konsesjon for utbygging av dette vassdraget, med frist til 15.07.13 for å koma med merknader.

Dette elfefallet er tidlegare bygd ut frå Tveddal med kraftstasjon på Byrkjeland, med skjemmande sår i naturen. Det vert no søkt om to utbyggingar til i same vassdrag, med kraftstasjonar på Tveddal og Breisete. Med tre utbyggingar i same elva meiner eg dette er ei urimeleg rå utnytting av elva, der profittmotivet har teke overhånd, og skadar på naturen vert bagatellisert. Meir av elva må renna fritt til glede for komande generasjonar.

Særleg vil eg tillata meg å protestera på utbygging av Breisete kraftverk som er planlagt med inntak i Nipevatn. Eg har hytte 10-15 m frå inntaket, den har eg hatt i 57 år, og brukar ho mykje. Inntaket er planlagt svært skjemmande med betongkonstruksjonar, lukehus og terskel over utløpet i elva, for at utbyggjar skal kunna tyna nokre liter ekstra ut av vatnet med ei mindre regulering. Dette vil eg ikkje godta, alt vert utskjemd ved hytta mi, det er eit reint overgrep. Naturopplevinga vert sterkt forringa med dette inngrepet i naturen.

Like eins protesterer eg på at det er planlagt permanent veg frå Breisete og ut til Nipevatnet. Her må det framleis vera fin, urørd gangsti, som eg har fått opplyst at kommunen har kalla **verneverdig** i sine planar. Dei veglause områda i kommunen vert stadig mindre. Eg minner og om at utbyggjarar vart anmeldt og etterforska for miljøkriminalitet då ein mindre synleg gangsti vart graven vekk mellom Byrkjeland og Tveddal då dette fallet vart bygt ut.

Eg vil og nemna at i 1984 vedtok Jondal kommune at elva frå Nipe til Breisete **ikkje** skulle byggjast ut. Det var då planar om overføring av elva til Torsnesvatnet og kraftutbygging på Torsnes.

Eg vonar difor og tilrår sterkt at NVE avslår søknaden om konsesjon på kraftutbygging på elvestrekninga Nipevatn – Breisete, og er samd i at ei fritt rennande elv har stor naturverdi.

Med helsing

Lars Færevåg

Lars Færevåg